

eg går ut
spring gjennom gata eg bur i
gjennom gatene som fører til gata mi
forbi skulen vi går på
forbi kaffibaren vi alltid rømmer til i pausane
men ikkje no. det er sommar
ingenting å rømme ifrå
når det er sommar
spring forbi alle våre faste ruter
forbi alle dei få bilane som køyrer saktare
gjennom gatene enn før, men
eg spring fort. slakkar ikkje farta.
frå lyktestolpe til lyktestolpe
som prikkar på eit kvitt ark
som tilslutt skal skape omrisset
av noko gjenkjenneleg
og når ein strekar siste linje til siste punkt tenkjer ein
"aha, ja dette gir mening. det var jo sånn det skulle bli!"
eg berre fortsette å springe
eg pustar ikkje
ikkje tenk på det
tenkjer eg.
eg blir ikkje sliten i beina
det er auga som spring.
så begynner eg å skjelve
eg klarer ikkje lengre å springe så fort.
spring så sakte at eg må stoppe. det er tørt i munnen.
eg stirer i bakken
og prøver å finne nye vegar i asfaltens ujamne overflate
med små sidegater og kvartal og parkeringsplass
trange gater, breie gater, busslommer
trikkestop, taxistopp, fotgjengarfelt
fortau, innkøyring forbode, rundkøyring
og så står du berre der.
rett framfor meg i det eg ser opp
etter å ha blitt villeia i asfaltens altfor mange nye vegar
og du seier at du aldri har vore så redd.
eg held deg inntil meg mens eg fortsatt pustar tungt
og kjenner ein slags blodsmak i den tørre munnen.
eg held deg hardt.
du pustar rolig og eg tungt.
eg held deg, pustar tungt med blodsmak i den tørre munnen og seier
"endeleg".
"endeleg" på to bein på asfalt på vegen på gata på oslo.